



Kristian L Holdhus, Marius Phillips, Andreas Nærø, Mikkel Aas og Magnus Holsen frå klasse 1EL TP-TAF var på rotur på fjorden.

ALLE FOTO: KJELL ARNE STEINSVIK

Tusen elevar lærte miljø

Nær tusen elevar frå Knarvik vidaregåande skule sette førre veke fokus på berekraft og miljø.

– Når elevane vert aktiviserte, får dei meir ut av det. Og når det gjeld det å leggje om til eit meir berekraftig samfunn med mindre fotavtrykk, må vi aktivisere oss. Alle veit kva det handlar om, men det nyttar ikkje å berre snakke om det, sa seniorrådgjevar Arne Øi i FN-sambandet.

Onsdag var han og frilansar Nadia Faaberg på Håøya for å undervise om FN sine berekraftsmål.

– Dei tre tverrfaglege temaa er livsmeistring, aktivt medborgarskap og berekraftig utvikling, sa Øi.

I løpet av dagen var elevane

”
Det er fint at det vert snakka om og arrangert noko for miljøet, som er ei viktig sak.

Sebastian Skulstad.

spreidd rundt på ulike plassar i regionen for å lære om berekraft. To hundre av dei var på Håøya for å vere med på aktivitetar der.

Kjem inn i læreplanen

Ane Faugstad Aarø, lektor på Knarvik vidaregåande skule, seier berekraft er noko dei bur seg på skal verte eit større tema i framtida.

– Det er første gongen vi arrangerer miljødag i Knarvik, men det skal verte årleg. Lokal og global berekraft vert meir og meir viktig. Frå neste år kjem det sterkare inn i alle læreplanane våre, sa ho.

På Håøya var det flust med valmoglegheiter og aktivitetar for elevane. Roturar på sjøen, fotturar i terrenget, yoga og leiting etter liv i fjøra var noko av det elevane kunne bruke skuledagen på.

– Det handlar både om miljøvern og berekraft, men også om kystkultur, kulturlandskap, gamle tradisjonar og handverk.

Det er ei vid forståing av dette med berekraft.

Hedvig Hansen Sund, Sebastian Skulstad og Marielle Iren Aase Sørli går på helselinja på Knarvik vidaregåande skule. Onsdag hadde dei akkurat vore på tur til Håøytoppen, før dei skulle til å leite etter liv i fjøra.

– Det er fint at det vert snakka om og arrangert noko for miljøet, som er ei viktig sak, meinte Sebastian Skulstad.

– *Er det medvitne på miljøvern?*

– Eg prøver å vere medviten på det. Eg er vegetarianar, og vi har elbil heime, seier Hedvig.

– *Kva synest de om ein slik miljødag?*

– Det er kjekt å vere litt vekk frå skulen, ler Hedvig.

– Så vert ein kjend med andre folk som vi ikkje har treft før. Det er veldig sosialt, seier Marielle.

Liv i fjøra

Nede ved sjøkanten dreiv marinmiljøtoksikolog Karoline Viberg og marinbiologi/arealplanleggar

Åsa Haaland med fridykking og leiting etter dyr og sjøplantar i fjøra.

– Vi har sjekka korleis biomangfaldet er her, kva artar vi finn, og kvar dei er. Så fortel vi nokre fun-facts til elevane, mest for å vekke nysgjerrigheita deira, vise kor mykje kult det er i havet og fortelje korleis ting heng saman.

Blant funna på Håøya var blant anna ein langpigga kråkebolle, mosdyr, ein svamp, venusskjel og ein sjøstjerne.

– Vi har heldigvis ikkje funne nokon framande artar. I og med at det er endringar i havet for tida, finn ein ikkje så mykje som for nokre år sidan. Det er færre sniglar, sjøsterner og anna liv heilt oppe ved fjøra. Dei har trekt seg nedover, sidan havet har vorte varmare. Vi fann meir då vi fridykka nedover enn oppe i fjøra, seier dei.

KJELL ARNE STEINSVIK
desk@strilen.no



Ut på rotur i fjorden.



Seniorrådgjevar Arne Øi og frilansar Nadia Faaberg i FN-sambandet var onsdag på Håøya for å fortelje om FN sine berekraftsmål.



Lektor Ane Faugstad Aarø på Knarvik vidaregåande skule.